

Høringsuttalelse (KF-239)



Referansenummer: ZFSREP

Registrert

dato:28.08.2018

12:55:34

Innledning
Uttalelsen gis <input checked="" type="radio"/> På vegne av foretak/lag/forening
Opplysninger om foretak/lag/forening
Organisasjonsnummer 988870617
Foretak/lag/forening Hustadvika KrF/ Fræna kristelig folkeparti
Adresse Sandblåst
Postnummer 6444
Poststed FARSTAD
Telefon 93878360
Telefaks 93878360
E-post kontakt

Uttalelse
Har du/dere fått tilsendt hørings-saken i adressert sending fra kommunen <input checked="" type="radio"/> Ja
Navn på hørings-saken <input type="radio"/> Høring - Nærdemokratiske ordninger i Hustadvika kommune <input type="radio"/> Høring - Skolestruktur Sylte/Malme, Haukås og Tornes <input checked="" type="radio"/> Høring - Planprogram Hustadvika kommune
Dato på kommunens høringsbrev 22.06.2018
Uttalelse <input checked="" type="radio"/> Jeg ønsker å helt eller delvis uttale meg i tekstfelt under <input type="radio"/> Jeg har min fulle uttalelse i egne dokumenter som jeg ønsker å laste opp som vedlegg
Uttalelse til saken Hustadvika KrF har følgende merknad / innspel til oppstartmeldinga. Planprosess. Tidleg i planprosessen må det fokuserast på kva utfordringar den nye kommunen står overfor. Utfordringane bør

samlast i eit eige kapittel i planen. utfordringane bør så høyrast breitt slik at innbyggjarar, parti, lag og organisasjonar får kome med sine meiningar om utfordringane og supplere desse. Ut frå utfordringane kan det veljast satsingsområde som samfunnsdelen tek særleg omsyn til. Satsingsområda kan så utviklast vidare med mål og strategiar for gjennomføring. Det er vidare viktig at samfunnsdelen drøfter korleis «handlingsdelen» til kommuneplanen skal innarbeidast i årshjul og som førebuande arbeid for budsjett og økonomiplanprosess. Tidshorisonten for planen kan kanskje vere to valperiodar der andre valperiode skal førebu ny revisjon.

Satsingsområde.

Når det gjeld konkrete satsingsområde meiner Hustadvika KrF at samfunnsdelen må setje klare mål for alle tenesteområda. 4-6 hovudsatsingsområde er kanskje nok for første versjon av planen

Vi trur det i den første valperioden etter kommunesamanslåinga vil vera særskilt viktig å ha fokus på kultur, kulturbygging og identitetsbygging. Arbeidsgruppa for kultur under fellesnemnda har gjort mykje godt arbeid til no. Vi trur dette arbeidet bør akselererast utover året 2019. Det bør lagast nokre felles treffpunkt som fokuserer på den nye kommunen og skaper (realistiske, visjonære) forventningar til den nye kommunen og det nye kommunestyret. Kyst og innland (kultur og natur), historie og musikk, kunstnarar og forfattarar, kunnskapsarbeidarar, industrigründarar og driftige småbedrifter, fiskarar og gardbrukarar, alle gode førebilete og rollemodellar. I dette arbeidet kan kanskje også framtidsdraumen / visjonen for den nye kommunen skapast – visjonen som er samandraget av samfunnsdelen.

Eit anna satsingsområde vil vere å få oversikt over næringsstrukturen i den nye kommune, kva utviklings- og tilretteleggingstiltak kommunen skal ta ansvar for og sjå på samordning for, i høve det som elles skjer med næringsutviklinga i regionen. Mål og strategiar for næringsutviklinga vil ha konsekvenser for pendling / arbeidsreiser og må samordnast med tanke på busetjing. Samfunnsdelen kan her gi føringar for arbeidet med arealdelen.